



Lokal forskrift om inntak, Den Norske Skolen i Rojasles

Hjemmel: Fastsatt av skolestyret 28.11.2025 med hjemmel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den videregående opplæringa (opplæringslova) § 4-5.

Kap. 1 Formål og virkeområde:

§1.1 Formål:

Forskriften skal sikre forutsigbar og likeverdig behandling i saker om inntak.

§1.2 Virkeområde:

Forskriften gjelder alle elever i grunnskolen og videregående opplæring på Den Norske Skolen i Rojasles.

§2 Inntaksreglement grunnskole

§2.1 Vilkår:

Den Norske Skolen i Rojasles er godkjent for 140 elever i grunnskolen og 75 elever på videregående trinn. Skolen er åpen for alle som fyller vilkår for inntak i tilsvarende norsk offentlig skole, under forutsetning av at eleven har norsk pass, iht. privatskoleloven § 3-1.

§2.2 Opptak:

For å bli tatt opp som elev ved skolen kreves det at elev/foresatte betaler innmeldingsavgift som tilsvarer skolepenger for 2 måneder. Avgiften betales ved tildeling av skoleplass. Innmeldingsavgiften regnes som en bekreftelse på mottatt skoleplass, og avregnes mot siste 2 måneder eleven er ved skolen. Slutter eleven tidligere enn det som går fram av kontrakten betales ikke avgiften tilbake. Det forutsettes at søknadsskjema og inntakskontrakt er fullstendig utfylt, og at eventuelle utestående skolepenger er betalt.

Hovedopptak av elever i grunnskolen starter 1.februar. Elever tas inn fortløpende så lenge det er ledige plasser. Ved opptak blir det, i tillegg til øvrige punkter i inntaksreglementet, tatt hensyn til når søknad er mottatt og elevfordeling mellom klassetrinnene. Det tas hensyn til klassestørrelse og elevsammensetning.

Inntaket regnes som et enkeltvedtak. Elever som ikke tildeles skoleplass har klagerett i henhold til forvaltningsloven. Klagen sendes til skolen innen tre uker etter mottatt avslag, og klageinstans er Statsforvalteren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus.

§2.3 Fortrinnsrett:

1) Korttidselever prioriteres likt med helårselever, og de skal betale forskuddsvis 200 euro pr. påbegynte måned. Det er samme satser for søskenmoderasjon for korttidselever som for helårselever.

2) Under forutsetning av at skolepengene er betalt, har elever som allerede går ved skolen fortrinnsrett. Disse har bindende påmeldingsfrist i løpet av januar.

3) Prioriteringer *kun* ved oversøking. For det tilfelle at det er oversøking ved førsteinntaket i mars tildeles skoleplass etter følgende kriterier:

- a) Barn til ansatte ved skolen.
- b) Barn som har søsken ved skolen.
- c) Søsken til nye elever.
- d) Barn av tilsatte i Sjømannskirken.
- e) Barn som kan dokumentere helsemessige grunner til at de bør få skoleplass.
- f) Deretter blir det loddtrekning blant elever som har søkt innen fristen.

§2.4 Tillegg for videregående skole, jf. forskrift til privatskoleloven kap.3:

§ 3-1 Elevstatus

Alle som blir tatt inn ved ein vidaregåande skole som driv verksemd etter privatskolelova, blir rekna som elevar.

§ 3-2 Kven som kan takast inn.

Dei som har vitnemål for fullført norsk grunnskole eller dokumentasjon på tilsvarande opplæring, har rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 5-1 første ledd, jf. opplæringsforskrifta § 4-1, og kan takast inn.

Skolen kan ta inn søkjarar med rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 5-1 første og andre ledd, rett til omval etter § 5-5, rett til påbygging til studiekompetanse etter § 5-7 første ledd, rett til vidaregåande opplæring for dei som ikkje har opphaldsløyve, etter § 5-9, rett til vidaregåande opplæring for vaksne etter § 18-3 første ledd og rett til yrkesfagleg rekvalifisering etter § 18-4.

Skolar nemnde i § 3-5 kan også ta inn vaksne søkjarar utan rett til vidaregåande opplæring.

Ungdom med rett til vidaregåande opplæring skal prioriterast føre vaksne søkjarar.

Søkjarar til eit fullstendig utdanningsprogram eller programområde skal takast inn før andre søkjarar.

§ 3-3 Meir opplæring for elevar i fag som ikkje er bestått.

Elevar som ikkje har bestått eit fag, kan søkje skolen om meir opplæring etter § 4-2 i faget frå det påfølgjande skoleåret eller seinare skoleår. Skolen kan fastsetje ein eigen frist for slik søknad. Fristen må vere minst ei veke etter siste moglege sensur for standpunkt og ordinær eksamen i faget. Skolen kan ta inn desse elevane til ny opplæring i desse faga dersom skolen har ledig kapasitet etter det ordinære inntaket.

Dei som ikkje har bestått eitt eller fleire fag, kan velje å søkje om inntak i desse faga ved ordinært inntak.

§ 3-4 Plassar for inntak av elevar til meir opplæring.

Skolen kan i inntaksreglementet reservere plassar for elevar som ikkje har bestått eitt eller fleire fag. Plassane som er reservert, kan brukast til ordinært inntak dersom skolen ikkje har fylt dei opp.

§ 3-10 Inntak til utdanningsprogram og programområde.

Søkjalar skal takast inn til eit fullstendig utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 eller eit fullstendig programområde på vidaregåande trinn 2 eller trinn 3. Dette gjeld også søkjalar som gjer omval eller som forserer fag.

Ein elev kan søkje skolen om å ikkje delta i opplæringa i eit eller fleire fag for å ta eksamen som privatist. Skolen kan innvilge søknaden om det ligg føre tungtvegande grunnar.

Avgjerda av om ein elev ikkje skal delta i opplæringa, er eit enkeltvedtak. Statsforvaltaren er klageinstans.

§ 3-11 Vilkår for inntak til vidaregåande trinn 1.

Søkjalar som har vitnemål for fullført norsk grunnskole eller dokumentasjon på tilsvarande opplæring i tråd med § 3-2, fyller vilkåra for inntak til vidaregåande trinn 1.

§ 3-12 Søkjalar utan karakterar eller utan samanliknbart karaktergrunnlag.

Ved inntak på grunnlag av poeng, skal desse søkjarane vurderast individuelt:

- a. søkjalar som manglar vurdering med karakter i meir enn halvparten av faga på vitnemålet frå grunnskolen
- b. søkjalar som har gått på ein godkjend tiårig grunnskole og har fått vitnemål utan bokstav- eller talkarakterar
- c. andre søkjalar som ikkje har eit samanliknbart karaktergrunnlag
- d. søkjalar som etter ei realkompetansevurdering har fått godkjent meir enn halvparten av faga som krevst for vitnemål etter opplæringsforskrifta § 15-26.

Ved inntak av søkjalar som fell inn under bokstav b, skal skolen rangere søkjarane på grunnlag av fråsegner frå grunnskolane dei kjem frå.

§ 3-13 Vilkår for inntak til vidaregåande trinn 2 og vidaregåande trinn 3.

Søkjalar som har bestått alle faga som er fastsette i læreplanverket for utdanningsprogrammet på vidaregåande trinn 1, kan takast inn til vidaregåande trinn 2. Søkjalar som også har bestått alle faga på programområdet på vidaregåande trinn 2, kan takast inn til vidaregåande trinn 3. Kravet om bestått gjeld også i dei faga der det berre blir gitt halvårsvurdering med karakter på det aktuelle trinnet.

Følgjande søkjalar som ikkje oppfyller vilkåra for inntak etter første ledd, kan likevel takast inn til neste trinn dersom skolen etter ei samla vurdering finn at det er forsvarleg ut frå dei faglege føresetnadene:

- a. søkjalar som har vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring etter privatskolelova § 3-6, jf. opplæringslova § 11-6, og som på grunn av innhaldet i vedtaket ikkje har vurdering med karakter i fleire fag frå vidaregåande trinn 1 eller trinn 2
- b. søkjalar som planlegg å følgje vidaregåande opplæring med individuelt utvalde kompetansemål.
- c. søkjalar som ikkje har bestått eitt eller fleire fag.

For søkjalar som fell inn under andre ledd bokstav a og b, skal skolen leggje vekt på den sakkunnige vurderinga.

Søkjalar som ikkje kan takast inn etter bokstav c, kan i særskilde tilfelle takast inn til neste trinn i mindre enn eit fullstendig programområde.

Skolen kan også ta inn søkjarar som har gjennomført vidaregåande trinn 1 eller trinn 2 og har dokumentasjon utan bokstav- eller talkarakterar eller er utan samanliknbart karaktergrunnlag, dersom skolen vurderer at søkjarane har tilsvarande kompetanse og at opplæringa er likeverdig i omfang.

d) Norske vidaregåande skoler i utlandet kan ikke ta inn voksne, iht. privatskoleloven § 3-1.

e) Dersom en elev forsømmer sine plikter etter skolens ordensreglement ved stort udokumentert fravær, jf. §4-2 i økonomiforskriften til privatskoleloven, prioriteres eleven ikke ved inntak til Vg2 og Vg3.

f) Det er en forutsetning at før skoleplass kan gis, må tidligere utestående skolepenger og innmeldingsavgift være betalt, elektronisk søknadsskjema være fullstendig utfyllt og nødvendige vedlegg må være sendt til skolen.

g) Elever på vidaregåande skole som har anledning til å starte etter jul, har oppstart 1. skoledag etter nyttår.

§3 Avslag:

Avslag på inntak er et enkeltvedtak og kan påklages i samsvar med forvaltningsloven. Klagen sendes skolen. Klageinstans er Statsforvalteren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus.

§4 Angrerett:

Angrerett ved aksept av skoleplass gjelder i 14 dager fra søker inngår bindende avtale med skolen. Lenke til angrerettsskjema legges ved e-posten med tilbud om skoleplass. Dersom eleven bruker angreretten innen fristen, betaler skolen tilbake eventuelle innbetalinger.

§5 Iverksetting:

Forskriften trer i kraft fra 28.11.2025.